



ODDA KOMMUNE
Opheimsgata 31
5750 ODDA

Dato: 16.12.2016
Vår ref.: 2016/34584-6
Saksbehandlar: livsund
Dykkar ref.: 16/1390-3

Eitrheimsvågen - varsel om oppstart av planprogram - idnr 12282016006 - Odda kommune - fråsegn

Vi viser til brev datert 15.11.2016 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Eitrheimsvågen med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å legge til rette for meir areal til barnehage, nytt areal til næring og betre utnytting av idrettsanlegg. Reguleringsplanen vil erstatte delar av eldre reguleringsplanar. Kommunen har vurdert at planen utløyer krav om konsekvensutgreiing, fordi del av grønstruktur i eksisterande plan er tenkt nytt til næring og til tenesteyting.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Det er positivt at gamle planar blir oppdaterte slik at dei blir eit betre verktøy i plan- og byggesakshandsaming.

I planprogrammet er lista opp regionale tema som blir vurdert i planarbeidet. Desse er ROS, klima og energi, friluftsliv, folkehelse, universell utforming, barn og unge, næring, attraktive senter, arkitektur og estetikk. Vi vurderer planprogrammet til å vere dekkjande for dei regionale interessene som knyter seg til dette planarbeidet.

Det er positivt at det er gjort konkrete vurderingar av korleis grønstrukturen kan utnyttast og tilretteleggjast på ein betre måte. Grønstrukturen bør også kunne nyttast til aktivitet for barnehagen. Nærleik til grøne område i bustadområde er med på å fremje trivsel og god folkehelse.

Det er mindre tydeleg kva næring som er tenkt i området. Det må leggjast vekt på korleis næringsaktivitet vil innverke på annan arealbruk i og i kring planområdet. Vi føreset at det – slik det også er nemnt som problemstillingar for miljø og samfunn – blir vurdert byggehøgder, siktsoner og støyttilhøve mm slik at det ikkje blir ulemper for bumiljøet og for barnehagen.

Samferdsel

Vi vil påpeike at risikoen for trafikkulykker aukar sterkt med aukande tal på avkjørsler. I følge Statens Vegvesen utgjør ulykker direkte knytt til avkjørsler mellom 15-20 % av alle trafikkulykker. Av omsyn til trafikktryggleik er det difor viktig å finne gode løysingar for tilkomst til fylkesveg 550. Vi minner om at «Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest» legg føringar for handsaming av søknader om avkjørsler og for byggegrenser ved fylkesveg,

Kulturminne og kulturmiljø

Planområdet er regulert frå tidlegare. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne innanfor planområdet. Vi ber om at ein søker å unngå inngrep/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre stiar, bakkemurar, tufter mm. Vi har ingen vidare merknader i høve kulturminne på noverande stadium i planprosessen.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre www.hordaland.no/plan, plan og planarbeid.

Oppsummering

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på tilpassing av grønstruktur og næringsareal slik at det ikkje får negative verknader for bummiljø og barn og unges interesser. Vi viser også til innspel i det føregående om trafikktryggleik.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Liv Sundheim
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Liv Sundheim, Seksjon for plan, regionalavdelinga

Jostein Aksdal, Fylkeskonservatoren

Gunhild Raddum, Samferdselsavdelinga

Kopi til:

Fylkesmannen i Hordaland

Statens vegvesen - Region Vest